

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

<b>Råd:</b>	<b>Stord sokneråd</b>
<b>Tid:</b>	<b>Torsdag 19. mai 2022</b> <b>Kl. 19.00 – 21.00</b>
<b>Møtestad:</b>	<b>Kyrkjekontoret</b>
<b>Opning:</b>	<b>Ingeborg</b>

**Til stades:** Anders Dahl, Kirsti Angvik Frugård, Olav Johannes Oma, Egil Petterteig, Dag Sele, Ingeborg I. H. Ørjasæter, Sigrid Beate Eskeland, Dagfinn Koppang (3.vara) og Arne Drønen (4. vara).

**Forfall:** Nils Dale Elde, Sigrunn Ljosland, Signe Vorland (1. vara) og Dag Kjetil Læg Reid (2.vara)

## SAKLISTE

### 2022/29- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Vedtak:** Godkjent, samrøystes

### 2021/30- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

**Vedtak:** Godkjent, samrøystes

### Orientering frå AU om saker vedteke på fullmakt

Ingen saker

### 2022/31- 211 Førebels plan for mogleg utlysing av prestestilling(ar)

Sokneprest Olav Oma har søkt stillinga som sokneprest på Fitjar og einaste søkjar til stillinga. Tilsetning på Fitjar vil skje i bispedømerådsmøte 10.juni, og ein evt. oppstart på Fitjar vil truleg skje rundt 1.september. Soknerådet må planlegge ut frå at det er sær sannsynleg at Olav får jobben og at ein må i gang med ei utlysing av soknepreststillinga på Stord, med første moglege tilsetning 26.oktober 2022. Stord sokneråd må derfor førebu seg på ein haust utan fast sokneprest. AU legg opp til å orientere soknerådet om korleis arbeidet med evt utlysing av stillinga vil foregå, og ei drøfting rundt korleis ein legg opp arbeidet i sokneråd og tilhøyrande utval gjennom hausten.

#### **Vedtak:**

Soknerådet oppnemner ei arbeidsgruppe bestående av Anders Dahl, Kirsti Angvik Frugård, Sigrid Beate Eskeland og Olav Oma, som kan samarbeide med prosten om å førebu utlysingstekst, for behandling i soknerådsmøte 14.juni.

*Samrøystes*

### 2022/32- 211 Innspel til fellestrådet vedr utlysingar innan diakoni og kyrkjemusikk

Stord Kyrkjelege Fellestråd har bede soknerådet om innspel i høve planlagd utlysing av stillingar som soknediakon/diakonimedarbeidar og organist/kantor, sjå vedlegg.

#### **Moment frå samtalen:**

- Det er ønskeleg at stillinga blir utlyst som kyrkjemusikar, ikkje begrensa til kantor.
- Ønske om at denne også medverkar i evt. barne- og ungdomskorarbeid. Dessutan involvering av frivillige innan musikk.
- Mulighet for å vurdere ein liten stillingsprosent/del av stilling til barnekorarbeid, saman med kyrkjemusikar.
- Ønske om pedagogiske interesser og evner i begge stillingane, med vekt på utrusting og bygging av kyrkjelyd.
- Begge stillingane må ha fokus på involvering av frivillige.
- Diakonimedarbeider med vekt på ungdomsarbeid.
- Diakoni som gjer oss meir aktive på felt der me ikkje er synlege i dag, t.d. flyktningar, rus/psykiatri, samarb. med kirkens bymisjon.
- Diakoni som samtaletilbod for unge (13-20).

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

- Stord sokneråd ønskjer å prioritera 100% stilling innan kyrkjemusikk, men har også ønskje om at det også blir lyst ut 50% innan diakoni. Desse stillingane kan også sjåast i samanheng.

## **Vedtak:**

Stord sokneråd sender ovannemnde moment til Fellesrådet, som innspel til utlysingane.  
*Samrøystes*

## **2022/33- 012 Kyrkjebladet SPIRA**

Det ligg an til store endringar i redaksjonen / arbeidsgruppa som arbeider med Kyrkjebladet SPIRA, da både Olav, Elisabeth, Reidar og Dag Kjetil er på veg ut av arbeidet. Redaksjonen må styrkast med ressursar som kan leia arbeidet med bladet og innanfor annonsesal for at det skal vere realistisk å drive bladet vidare. Neste blad er planlagt til semesterstart hausten 2022, og soknerådet må ta stilling til om ein vidarefører arbeidet og evt kven som kan gå inn i arbeidet.

## **Vedtak:**

Soknerådsleiar Anders deltek i neste møte i redaksjonen, for drøfting av vidare arbeid. Soknerådet ønskjer at septemberutgåva blir gjennomført, samtidig som vidare drift etter dette må vurderast.

*Samrøystes*

## **2022/34- 317 Takkoffer hausten 2022**

Framlegg til takkofferliste for haustsemesteret vedlagd.

## **Vedtak:**

Soknerådet vedtok takkofferlista som framlagd, med dei endringar som kom fram i møtet. Soul Children får mulighet til takkoffer den søndagen dei evt. deltek i gudstenesta.

*Samrøystes*

## **2022/35- 012 Folk i sentrum**

Det vert gudsteneste som del av arrangementet Folk i Sentrum søndag 12.juni. Laurdag 11.juni er det mogleg å vere med å ha stand i sentrum. Kan vi få til ei felles satsing på dette med nokre frå stab, sokneråd og andre frivillige?

## **Vedtak:**

Det blir stand på laurdag, med deltaking frå stab og behov for frivillige. Reidar Ådnanes koordinerer. Utegudsteneste med kyrkjekaffi søndag

## **2022/36- 012 Møteplan hausten 2022**

I høve mogleg utlysing treng soknerådet eit møte tett opptil 5.oktober. Øvrige møtedatoar er ikkje satt enno, i påvente av avklaring av sokneprest i rådet.

## **Vedtak:**

Soknerådsmøte: 4.okt kl 19.

Komplett møteplan for hausten vert utarbeidd til møte 14.juni.

*Samrøystes*

## **2022/37- 130 Årsrekneskap 2021**

Årsrekneskapen for 2020 er avlagd og revidert og viser eit rekneskapsmessig driftsoverskot/mindreforbruk på kr 38 666. Årsrekneskap og revisjonsberetning er vedlagd.

Revisor har påpeikt at årsrekneskapen ikkje vart avlagd innan utløpet av lovens frist (1.april). Revisjonsmeldinga er datert 9.mai 2022.

## **Vedtak:**

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Stord sokneråd tek revisjonsmeldinga frå KPMG til vitande og godkjenner rekneskapen for 2021. Driftsoverskotet for 2021 vert satt av til ubunde fond.  
*Samrøystes*

## Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. Soknerådsleiar innleia møtet med ei generell drøfting om situasjonen no og til hausten i kyrkjelyden mtp. utskifting i stillingar, samhandling og frivillige.
2. «Kva skjer i kyrkja vår?», orientering v/sokneprest
3. ~~Innspel frå utvala~~
4. Orientering frå Fellesrådet v/ Dag.
  - a. Utlysing av vikar for kyrkjelydspedagog. Forslag til kandidatar?
  - b. Arbeid med personalsaker, inkl. ekstern bistand

## • Skriv, referat og meldingar

1. Referat, Kyrkjestova Fredheim 7.april
2. Referat, Soknemøte 24.april
3. Referat, Styringsgruppa for kyrkjelydshus 27.april
4. Rekneskapsrapport per 30.mars 2022
5. Orientering til sokneråd og fellesråd - frå nettverket av fellesrådsleiarar i Bjørgvin
6. Referat, Stord Kyrkjelege Fellesråd, 20.april
7. Rekneskapsrapport pr 30.april

Anders Dahl  
soknerådsleiar  
Sign

Dag Sele  
referent  
Sign